

**Samandragshäfte
for
SONE-konferansen 2021**

Digitalt 22.–23.april 2021

Arr.: Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen

Tema: Skriftspråk som kjelde for talespråk

Ut ur skymundan! Nya perspektiv på gamla data: det danska Wenkermaterialet

Georg Wenkers *Sprachatlas des Deutschen Reiches* är en klassiker bland äldre dialektologiska arbeten, och även modern tysk dialektforskning bygger i hög grad på Wenkers enkätmaterial från 1880-talet. Mindre känt är det faktum att materialet utöver tyska frågeformulär också innehåller data som dokumenterar minoritetsspråken som talades inom dåvarande Tyska rikets gränser (Wenker 2013). Till denna grupp hör de sydjylländska dialekter i f.d. hertigdömet Schleswig som i slutet av 1800-talet hörde till Preussen och i dag är uppdelat mellan Danmark och Tyskland. Sammanlagt finns det närmare 300 sydjylländska frågeformulär, som för närvarande håller på att transkriberas inom ett digitaliseringsprojekt vid Kiels universitet.

Det sydjylländska Wenkermaterialet har traditionellt ansetts vara föga intressant. Materialet har knappast tagits på allvar av den danska dialektologin, och de få forskare som diskuterar det bedömer det som nästintill värdelöst (Ringgaard 1964, Bjerrum 1976): Eftersom materialet baserar sig på skriftliga översättningar från standardtyska är det rimligt att anta att olika typer av primingeffekter och översättningsproblem har påverkat och förvridit informanternas svar. Lägg därtill att det för det mesta var lärare som stod för transkriberingen och som var tvungna att använda den danska eller till och med den tyska ortografin för att nedteckna dialektala former.

Mycket av denna kritik är och förblir relevant. Samtidigt har nyare forskning visat att det danska materialet är bättre än dess rykte. Några strukturella drag som tidigare avfärdats som metodologiska artefakter har kunnat valideras med hjälp av dialektalt korpusmaterial (Höder & Winter u.u.). Dessutom har framför allt en del morfosyntaktiska drag i materialet kunnat förklaras som autentiska dialektstrukturer snarare än individuella talares misstag, särskilt former som representerar språkkontaktfenomen, dvs. fenomen som kan härledas till kontakten mellan tyska och danska dialekter i ett traditionellt tvåspråkigt område (Fredsted 2009, Höder 2019). Wenkermaterialet framstår därmed som en värdefullare resurs för både dialektologin och kontaktlingvistikerna än vad som tidigare antagits.

Föredraget visar hur Wenkermaterialet kan nyttjas för att undersöka och kartlägga morfosyntaktiska strukturer i sydjylländska dialekter. Fokus ligger på särdrag som tycks vara relevanta ur ett areallingvistiskt och kontaktlingvistiskt perspektiv.

Litteratur

- Bjerrum, Marie. 1976. Wenkers 40 sætninger på Fjoldemål 1880. *Danske folkemål* 21, 19–58.
- Fredsted, Elin. 2009. Sprachen und Kulturen in Kontakt – deutsche und dänische Minderheiten in Sønderjylland/Schleswig. I Christel Stolz (red.), *Neben Deutsch. Die autochthonen Minderheiten- und Regionalsprachen Deutschlands*, 1–23. Bochum: Brockmeyer.
- Höder, Steffen. 2019. Die deutsch-dänische Grenze von 1920 als Zäsur. I Nicole Palliwoda, Verena Sauer & Stephanie Sauermilch (red.), *Politische Grenzen – Sprachliche Grenzen? Dialektgeographische und wahrnehmungsdialektologische Perspektiven im deutschsprachigen Raum* (Linguistik – Impulse & Tendenzen 83), 55–76. Berlin: de Gruyter.
- Höder, Steffen & Christoph Winter. U.u. Deutsches im Südjütischen, Südjütisch im deutschen Dialektatlas. Zur Validität der südjütischen Wenker-Materialien. I Jürg Fleischer m.fl. (red.), *Minderheitensprachen und Sprachminderheiten. Deutsch und seine Kontaktsprachen in der Dokumentation der Wenker-Materialien*. Hildesheim: Olms.
- Ringgaard, Kristian. 1964. Wenkers spørgelister fra Sønderjylland. *Sprog og kultur* 24, 29–44.
- Wenker, Georg. 2013. Einleitung. I Georg Wenker, *Schriften zum Sprachatlas des Deutschen Reichs*, vol. 1, 1–24. Hildesheim: Olms.

Multilektale skrivepraksisar på sosiale medium

Uformell digital skriving blir gjerne referert til som ‘chatspeak’ (Andoutsopoulos, 2011) eller ‘digital orality’ (Soffer, 2010) sidan skriving på nett typisk inkluderer trekk frå både synkron og asynkron kommunikasjon og har ein tydeleg munnleg og visuell stil (Cutler & Røynealand, 2018). Skrivepraksis på digitale medium kan dermed potensielt seie oss ein heil del også om munnlege praksisar, sjølv om ein ikkje kan setje eit likskapsteikn mellom dei to. I dette føredraget vil eg diskutere forholdet mellom digital skriving og talespråk i lys av resultat frå ei digital spørjegransking om skrivepraksisar på sosiale medium som vart gjennomført hausten 2019/vinteren 2020 (Røynealand & Vangsnes, u.a.). Over 1500 ungdommar frå vidaregåande skular over heile landet har svart på spørjegranskinga. I tillegg til bakgrunnsdata som sjølvdefinert kjønnsidentifisering, skuletype/line, alder, utdanningsplanar og førstespråk, samlar undersøkinga inn tre ulike datatypar: (i) sjølvrapportert munnleg og skriftleg praksis i ulike kontekstar, (ii) døme på skrivepraksis som respons på ulike tenkte sosiale situasjonar på nett, og (iii) reaksjonar på ulike påstandar som kan seie noko om haldningar og ideologiar. I føredraget vil eg sjå nærare på dialektskriving i ulike regionar; kva for trekk vert brukt til kven, for kva for formål og med kva for indeksikalsk meining, er blant spørsmåla som vert stilte. Vidare vil eg diskutere om det finst systematiske språklege og regionale mønster for dialektskriving og korleis desse eventuelt heng saman med dialektutviklinga i dei aktuelle områda.

Andoutsopoulos, J. 2011. From variation to heteroglossia in the study of computer-mediated discourse. In C. Thurlow and K. Mroczek (eds.), *Digital discourse: Language in the new media*. Oxford: Oxford University Press. 277–298.

Cutler, C. & U. Røynealand 2018. Multilingualism in the digital sphere: the diverse practices of youth online. In C. Cutler & Røynealand (eds.), *Multilingual Youth Practices in Computer Mediated Communication*. Cambridge University Press, 3-27

Røynealand, U. & Ø. A. Vangsnes (under arbeid). Multilectal practices in Norwegian Social Media. Special Issue *IJSL* (forthcoming).

Soffer, O. 2010. “Silent orality”: toward a conceptualization of the digital oral features in CMC and SMS texts. *Communication Theory* 20(4): 387–404.

Mye tøv du skriv. Språklege og semiotiske ressursar i politisk CMC

Masteroppgåva «*Mye tøv du skriv. Språklege og semiotiske ressursar i politisk CMC*» er basert på ei kvantitativ undersøking av 1949 ytringar frå Facebook-sida «Nordnorsk debatt» under valkampen i 2017. Undersøkinga kartlegg for det første omfanget av ortografiske avvik, dialektale innslag og piktogram i materialet og for det andre korleis trekka er fordelte i samtalar med ulike politiske tema og som er starta av ulike innleiingar.

Av dei tre nemnde trekka er dei ortografiske avvika vanlegast: 54 prosent av ytringane i materialet har minst eitt ortografisk avvik. Då kortar språkbrukaren ned på orda eller brukar teikn eller bokstavar på ein måte som er utanfor standarden i dei to offisielle norske rettskrivingane. Slik kan vi seie at norma i nettspråk om politikk er vidare enn den offisielle rettskrivinga.

Seinare djupdykk i datamaterialet tyder likevel ikkje på at denne overvekta av ortografiske avvik er skapt av språkbrukarar som ikkje meistrar standarden, og dei representerer neppe det mange oppfattar som eit språkleg forfall. Heller ikkje munnlegmarkørar som forsterkar prosodien eller viser oppøsing, dominerer i materialet. Det er derfor ikkje hald for å seie at slike ortografiske avvik er ikoniske eller at den konfronterande stilen er essensen i politisk CMC.

Tvert imot er den motsette tendensen minst like tydeleg, altså at ortografien kan tolkast som at språkbrukaren vil opptre beherska, ta ein pause og vise seg open for neste innlegg i debatten. I så fall kan funksjonen til dei ortografiske avvika vere å kompensere for det fysiske fråværet i interaksjonen, og språkbrukaren brukar dei for å få fram ein mindre konfronterande stil.

Ein liknande funksjon kan mange av piktogramma ha, altså emojiar, emotikon eller animasjonar. 15 prosent av ytringane i materialet har minst ei slik lita teikning. Dei kan vere eit verktøy for å presisere, klassifisere eller gi riktig styrke til den illokusjonære språkhandlinga, ofte med den effekten at ytringa blir oppfatta meir dempa eller vennleg.

Mindre konsensusorientert er tolkinga av den signifikant lågare delen ortografiske avvik i diskusjonane der samepolitikk er tema. Desse språkhandlingane kan indeksere at ein vil vere lojal til eller favorisere norsk kultur og språk framfor det samiske. I så fall brukar debattantane dette språktrekket for å styrke det språklege hegemoniet til den norske majoritetskulturen.

Ei slik konfliktorientert gruppetenking kan også ligge bak den høge delen dialektytringar om distriktspolitikk i materialet. Dialektale innslag er det minst hyppige av dei tre trekka i undersøkinga: 7 prosent av ytringane i materialet skil seg frå ein av rettskrivingsnormalane på ein måte som truleg skriv seg til talemålet til språkbrukaren. Når distriktspolitikk er tema, er derimot 17 prosent av svara og kommentarane skrivne med dialektinnslag. Dette språktrekket kan komme frå ei gruppe som opplever og uttrykker motstand mot avgjerder frå nasjonale politikarar. I så fall er det den politiske sentrum-periferi-aksen som får eit språkleg uttrykk på «Nordnorsk debatt».

Eit siste punkt til ettertanke er korleis språkbrukarane i undersøkinga ser ut til å opptre ulikt i samtalar alt etter kven som startar dei. Når privatpersonar startar dei digitale, politiske samtalarne, får diskusjonen signifikant fleire ytringar med piktogram enn dei som blir innleia av andre. I desse samtalarne brukar språkbrukarane også signifikant kortare tid etter første ytring før dei har produsert og publisert si eiga. Samtalar som er innleia av redaksjonelle medarbeidarar ser det derimot ut til å vere prega av atterhald. Dette kan vere eit uttrykk for eit asymmetrisk forhold mellom kommentatorar, leiarar og journalistar på den eine sida av samtalsdebatten og andre språkbrukarar på den andre.

Korleis opplever studentane språket i høgare utdanning?

Aukande internasjonalisering i UH-sektoren har ført til at fleire nordiske universitet og høgskular har utvikla eigne språkpolitiske dokument for å handtere den stadig aukande bruken av engelsk i forskning og undervisning. Det er stor variasjon i kor omfattande desse dokumenta er, kva tema dei tek opp og kor mykje ein vektlegg språklæring som ein del av utdanninga. I doktorgradsprosjektet mitt har eg undersøkt korleis studentar ved tre ulike utdanningar (juss, naturvitskap og filosofi) på sju nordiske universitet opplever språka dei møter, spesielt engelsk og nasjonalspråka, og i kva grad desse synspunkta kan og bør informere utviklinga av språkpolitiske retningslinjer. Forskinga mi har i stor grad basert seg på kvantitative undersøkingar gjennom spørjeskjema med lukka kategoriar, men eg har også gjennomført ein innhaldsanalyse av opne kommentarfelt i undersøkinga for å sjå i kva grad studentane har kome med perspektiv som går ut over dei kvantitative analysane.

Til saman deltok 1250 studentar i undersøkinga. Av desse svarte om lag 110 studentar i det opne kommentarfeltet. Etter å ha gjort ein analyse av alle kommentarane fann eg at fleire av kommentarane kunne samlast i dei følgjande temaa: *opplevd språkkompetanse og behov for språkstøtte, førelesar sin kompetanse i målspråket, samt parallellspråksbruk og læring*. For å illustrere desse temaa valde eg ut 12 kommentarar frå studentane. Studentane som deltok i denne undersøkinga meinte at språklæring i større grad burde vektleggast og at både studentar og førelesarar burde auke kompetansen sin i målspråket. Eg fann vidare at studentar i stor grad fann det positivt å bruke meir enn eit språk i utdanninga, men at innføringa av engelsk i utdanningane av og til kunne verke tilfeldig og lite gjennomtenkt. I dette innlegget vil eg fokusere på innhaldsanalysen av kommentarfelta og vidare diskutere i kva grad synspunkta her kan nyttast som grunnlag for den vidare utviklinga av språkpolitikken ved universitet og høgskular.

“Sier du det?” Demografiske variabler vs. holdninger i sjørrapportert språkbruk på Strilelandet.

I innlegget diskuterer jeg funn fra en spørreundersøkelse som blei gitt til 150 tiendeklassinger i kommunene Lindås og Øygarden på Strilelandet (utafor Bergen) i 2018 og 2020. Undersøkelsen bestod av tre deler: først ei rekke spørsmål som tok for seg hvor lokalt orienterte ungdom på Strilelandet er (vurdert ut fra uttrykte holdninger til egen hjemplass, til byen Bergen, til den lokale dialekten og bergensk, og sjørrapporterte mønstre for hverdagsmobilitet, fritidsaktiviteter og framtidige flytte- og utdanningsplaner); en del der jeg fikk registrert respondentenes kjønn, bosted (sentrale vs. mer perifere områder i kommunen) og andre demografiske variabler; til slutt en bolk om sjørrapportert språkbruk på ei rekke trekk som er i endring i dialektene på Strilelandet (fra *-a* til *-e* i infinitiv, hunkjønnsbøying til ikke hunkjønnsbøying, *me* til *vi* og *da* til *det*). Spørreundersøkelsen gjør det altså mulig å se etter mønstre for rapportert språkbruk ut fra både demografiske (bakgrunns-) variabler og holdningsmessige variabler og å vurdere hvilke (sett av) variabler som kan forklare språklig variasjon best.

Kort sagt viser analysene at en indeks basert på holdningene respondentene uttrykker (altså graden av lokal orientering), predikerer bruken av ny vs. gammel språklig variant bedre enn demografiske variabler som kjønn og skillet mellom sentrum og periferi. I lys av slike funn kan en stille seg (minst) to spørsmål, som jeg tar for meg i innlegget:

1. Hvilke forklaringsfaktorer bør få forrang i studiet av språklig variasjon og endring (jf. Tore Kristiansens (og andres) skjelling mellom subjektive (“social values and evaluations”) og objektive faktorer (*andre* faktorer enn verdier og holdninger, jf. Kristiansen 2011: 265)?)
2. Hvordan skal vi vurdere validiteten til sjørrapportert språkbruk? – Undersøker en egentlig språklig variasjon når en spør respondenter hvilke språktrekk de bruker, eller er det snarere *holdninger* til språklig variasjon en avdekker? Er det slik Labov hevder, at slike undersøkelser “reflect adherence to the norms of how speech should be pronounced rather than a report of actual use” (2001: 194)?

Litteratur:

Kristiansen, Tore. 2011. “Attitudes, Ideology and Awareness”. I Wodak, Ruth, Barbara Johnstone og Paul Kerswill (red.), *The SAGE Handbook of Sociolinguistics*, SAGE, side 265–278.

Labov, William. 2001. *Principles of Linguistic Change. Volume 2: Social Factors*, Wiley-Blackwell.

Språkleg variasjon og estetisk trend

I dette innlegget vil eg gi eit innblikk i korleis skodespelarar tilknytt Nationaltheatret nyttar språkleg variasjon som verkemiddel for å formidle og skape karakterar og sosialt miljø i fiksjonen. Materialet bygger på egne analysar av åtte ulike framsyningar i perioden 1937– 1999, henta frå scenen, radioteateret og fjernsynsteateret.

Framsyningsdøma eg har sett på, kan deles inn i to grupper, der fire av dei er basert på dramatikkk skriving i nær samtid, medan dei resterande fire er iscenesettingar av *Et dukkehjem*. Desse to gruppene følgjer ulike mønster for bruk av språkleg variasjon som verkemiddel. Dette ser eg komme til uttrykk gjennom realiseringa av variablar eg har kartlagd i materialet, og gjennom korleis kunstnarane aktivt tek i bruk eksisterande registerdanningsprosessar.

Ikkje uventa syner analysane mine at Ibsen-framsyningane har eit gjennomgåande meir konservativt språk enn resten, sjølv om den generelle utviklinga i variabelmaterialet går mot nyare variantar. I framsyningane basert på samtidsdramatikkk er det vidare eit større mangfald i stilbruk hjå karakterane. I denne samanhengen vil eg syne korleis kunstnarane tek i bruk variasjon i dei ulike framsyningane, og kor lite som skal til før noko blir oppfatta som dialekt eller stil på scenen. Eit anna funn eg vil dele, er korleis desse språklege verkemidla over tid fell saman med dei rådande trendane for ein psykologisk realistisk spelestil i norsk teater – frå eksterialisering av det psykologiske på 1930-talet, via episke og politiske strøymingar på 50- og 70-talet, til postmoderne impulsar på 1990-talet.

Presentasjonen tek for seg nokre av hovudfunna i forskingsprosjektet med arbeidstittel «Dei pratar så rart i teateret». Her er den metodiske innfallsvinkelen teatervitskapeleg framsyningsanalyse, der eg i tillegg tek i bruk teoriar om indeksikalitet (Silverstein 2003, Eckert 2008) og registerdanning (Agha 2007, 2003, Johnstone 2016, Beal 2019) i undersøkinga av språkleg variasjon. Målet med prosjektet er å undersøke korleis scenekunstnarar medvitent nyttar språkets sosiale og kunstnarlege funksjonar for å skape fiksjon i teateret, og korleis ein naturlegheitskonvensjon kjem til uttrykk i scenespråket.»

Litteratur

Agha, Asif. 2003. «The social life of cultural value». *Language & Communication* 23 (3):231–273. doi: [https://doi.org/10.1016/S0271-5309\(03\)00012-0](https://doi.org/10.1016/S0271-5309(03)00012-0).

Agha, Asif. 2007. *Language and social relations*. Vol. 24, *Studies in the social and cultural foundations of language*. Cambridge: Cambridge University Press.

Beal, Joan. 2019. «Enregisterment and historical sociolinguistics». In *Processes of Change- Studies in Late Modern and Present-Day English*, redigert av Sandra Jansen og Lucia Siebers, 7–23. Amsterdam: Benjamins.

Eckert, Penelope. 2008. «Variation and the indexical field». *Journal of Sociolinguistics* 12 (4):453– 476. doi: 10.1111/j.1467-9841.2008.00374.x.

Johnstone, Barbara. 2016. «Enregisterment: How linguistic items become linked with ways of speaking». *Language and Linguistics Compass* 10 (11):632–643. doi: 10.1111/lnc3.12210.

Silverstein, Michael. 2003. «Indexical order and the dialectics of sociolinguistic life». *Language & Communication* 23 (3):193–229. doi: [https://doi.org/10.1016/S0271-5309\(03\)00013-2](https://doi.org/10.1016/S0271-5309(03)00013-2).

Johan Storm-prosjektet

Johan Storm ble født i Lom i 1836 og vokste opp som prestesønn i Rendalen. Han utdannet seg til språkviter og var professor i romansk og engelsk filologi ved universitetet i Kristiania i nesten 40 år. Han beskrives som en av Norges mest internasjonalt kjente filologer og vil bli husket for banebrytende arbeid innenfor undervisning i levende språk – og fonetikk. Hovedverket hans er *Engelsk filologi* (1879) og i 1884 grunnla han *Norvegias lydskrift*. Den franske språkmannen Paul Passy (1859–1940) beskrev Storm på følgende måte: «Probably the greatest practical linguist, as also the greatest phonetician, in the world» (Linn, 2004).

Vi er en gruppe ansatte i norskseksjonen ved Høgskolen i Innlandet på Hamar – Eline Bjørke, Kristin Andvik Hoaas, Jens Haugan og undertegnede – som ønsker å løfte Storm fram i lyset igjen ved å ta utgangspunkt i materiale fra 1882. Dette året oppsøkte den etablerte språkforskeren sin barndoms bygd Rendalen, og der gjorde han en språkundersøkelse (Storm, 1020). Ingen har hittil forsket på dette materialet, og vår ambisjon er å lage to oppfølgingsstudier, én med eldre rendøler (60–80 år) og én med yngre rendøler (15–30 år). Vi vil benytte oss av nøyaktig samme antall informanter og samme antall variabler som Storm. Storms eldste informant var født i 1821. Det betyr at en slik undersøkelse vil ha et tidsspenn på 200 år. Vi mener at en slik studie vil være et viktig bidrag til pågående forskning omkring språklige endringers hastighet i Norge (Sandøy, 2015, 2019).

Litteratur:

Linn, Andrew R. (2004). *Johan Storm: Dhi grétest pråktikal lingwist in dhi werld*. Oxford: Blackwell.

Sandøy, Helge. (2015). Ivar Aasen ute og heime – om moderne språkdokumentasjon etter Ivar Aasen. I Jan Ragnar Hagland & Åse Wetås (Red.), *Skrifter 2015, 1* (s. 90–109). Trondheim: Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab.

Sandøy, Helge. (2019). Osterøymålet – som kom i den språklege skyggen frå Bergen. I: Jan Kristian Hognestad, Torodd Kinn & Terje Lohndal (Red.), *Fonologi, sosiolingvistikk og vitenskapsteori. Festskrift til Gjert Kristoffersen* (s. 273–294). Oslo: Novus.

Storm, Johan. (1920). *Ordlister over lyd- og formlæren i norske bygdemaal*. Kristiania: I kommission hos Dybwad.

Brug af online data til at undersøge dialektbevidsthed og –forandring? Eksempler fra to nyere studier.

Nyere undersøgelser af online sprogbrug har peget på, at den er en integreret del af menneskers hverdagskommunikation (Stæhr 2015), og at det er vigtigt at inddrage også i dialektstudier (Westergaard 2011, 2013). Der er imidlertid visse metodiske udfordringer forbundet med at inddrage online data i dialektstudier. I oplægget vil jeg vise, hvordan jeg i to studier har brugt kvantitative og kvalitative analyser af data fra Facebook til at undersøge dialektbrug og -forandring i sønderjysk.

Det første studie fokuserer på kvalitative analyser af en diskussion blandt medlemmerne i gruppen *Æ Synnejysk Forening* (Den Sønderjyske Forening) (Monka 2018a). Medlemmerne bruger blandt andet gruppen til at diskutere sønderjyske ord og vendinger. Et af de udtryk, der flere gange har været nævnt, er den dialektale variant af ”det gider jeg godt været over”, der manifesteres som enten ”det gie æ godt vætöwe” eller ”det gie æ godt vänöwe”. Udtrykket er leksikaliseret i en grad, så de færreste dialekttalende kan gennemskue, at vætöwe/vänöwe er en sammentrækning af ”været over”. I oplægget viser jeg, hvordan jeg har brugt online data til at lave en opfølgning på en artikel af Inger Ejskjær fra 1994 om samme emne.

I det andet studie undersøges brug af dialektstavning som markedsføring af den sønderjyske kro *Kom Bar Do* (Monka 2018b). For at undersøge andelen af dialekt er der foretaget kvantitative optællinger af såvel ejeren som følgernes brug af dialektstavning på kroens Facebook-side i perioden fra november 2013, hvor Facebook-siden blev oprettet, til og med december 2014. I oplægget gengiver jeg mine overvejelser over, hvad der tæller som dialektstavning i den kvantitative analyse og diskuterer, hvad det kan sige om dialektbrug og -status.

Litteratur:

Ejskjær, Inger. 1994. ”vætöwe/vänöwe – en leksikalisering” *Danske Folkemål* 36, 99-104

Stæhr, Andreas (2015). ”Sociale medier og hverdagssprog”. I Frans Gregersen og Tore Kristiansen (red.), *Hvad ved vi nu – om danske talesprog?* København: Sprogforandringscentret: 152-164

Monka, Malene. 2018a. Jeg gider godt været over data fra Facebook – om at undersøge dialektbrug online. In *Fraseologi – genveje og omveje festskrift til Torben Arboe*. Kirsten Lyshøj & Inger Schonderbeek (red.), Århus: Århus Universitet. 143–147.

Monka, Malene. 2018b. Sociolingvistik: Kom Bar Do – brug af dialekt på tværs af online- og offlinekontekster. In *Sociale medier og sprog - Digital sprogbrug og social praksis*. Andreas Candefors Stæhr & Kristine Køhler Mortensen (red.). København: Samfundslitteratur. 29–59.

Westergaard, Astrid (2013). ”De unge og sønderjysk: Åbner Facebook nye muligheder?” I Inger Schoonderbeek Hansen, Tina Thode Hougaard og Peter Widell (red.), *14. Møde om Udforskningen af Dansk Sprog*. Århus: Århus Universitet: 485-500.

Westergaard, Astrid (2014). Om sammenhængen mellem sprogvalg og kommunikativ rækkevidde på Facebook. *NyS, Nydanske Sprogstudier*, 46: 65-101.

Britt Iren Nordeide

Lærarar sine sjølvrapporterte haldningar til nynorsk i opplæringa

Gjennom ordninga *Kompetanse for kvalitet* (KfK) får mange lærarar eit tilbod om kompetanseutvikling i basisfaga. Norskfaget har gjennom dei grunnleggjande ferdigheitene fått eit særskilt ansvar for opplæringa i lesing og skriving. Opplæringa i skriving skal gi elevane kompetanse i begge målformer, og eitt av kompetansemåla i Fagfornyninga etter 7. årssteget er at elevane skal «prøve ut skriving av tekster på sidemål».

HVL Campus Sogndal tilbyr eit reint nettbasert kurs i norsk for lærarar frå 1. til 7. steget. Nettkurset rekrutterer studentar frå heile landet, og mange studentar har bokmål som sitt hovudmål. HVL Campus Sogndal har lange tradisjonar for å undervise på nynorsk, og også dette kurset har hatt ei overvekt av forelesingar på nynorsk. Den faglege bakgrunnen til studentane som deltek på kurset er variert, nokon av studentane har ikkje hatt norsk som fag sidan dei gjekk på vgs. Del fleste studentane har nokre få studiepoeng i faget frå før, nokre få har bakgrunn frå utdanningsinstitusjonar i andre land, og det er også dei som har studert norsk som fag.

Dei som skal undervise på 1.-7. steget skal ha undervisningskompetanse i begge målformer. I forskrift for rammeplan for grunnskulelærarutdanninga 1.-7. står det at kandidaten etter utdanninga «mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng». Fleire undersøkingar har vist at institusjonane ikkje sikrar denne kompetansen, og at studentane som kjem ut i arbeidslivet har for dårleg kompetanse i nynorsk (Språkrådet, 2018). Den varierte bakgrunnen til studentane, og det at studentane kjem frå heile landet, gjer at det er interessant å sjå på kva KfK-studentane sjølve seier om nynorsk i opplæringa.

Denne undersøkinga baserer seg på ei spørjeundersøking blant 112 nettstudentar i norsk. Av desse svarte 105. Målet med undersøkinga er å sjå på eventuelle samanhengar mellom den faglege bakgrunnen til lærarane, skriftspråkbakgrunnen dei har og kva skriftspråkleg praksis dei har både privat og i yrkeslivet. I tillegg tek undersøkinga sikte på å få svar på kva haldningar informantane har til nynorsk generelt og i undervisningssituasjonen spesielt. Det siste både som lærarar i eige klasserom og som studentar.

Aktuelle kjelder, også for vidare arbeid:

Kunnskapsdepartementet.(2015). *Kompetanse for kvalitet*. Henta 07.02.20 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kompetanse-for-kvalitet/id2439181/>

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Læreplan i norsk*. Henta 07.02.20 frå <https://www.udir.no/lk20/nor01-06>

Språkrådet (2018). Kartlegging av språkstrategiske dokument i bruk ved statlige utdanningsinstitusjoner. Henta 06.02.20 frå https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/2018_kartlegging-av-sprakpolitikk-ved-norske-hoyskoler.pdf

Språkrådet (2017). Nynorsk i grunnskolen Rapport fra undersøkelse blant norsklærere i grunnskolen. Henta 10.02.20 frå <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/undersokelse-om-nynorskundervisningen-i-grunnskolen.pdf>

Skriftlege framstillingar av genusvariasjon i talemål

Eit system som får mykje plass i studiane av genusendring i norsk, er inventaret i kategorien «ubestemt artikkel», som fleire stader viser teikn til å skrøkke frå tre til to typar (t.d. Lødrup 2011, Rodina & Westergaard 2015; Busterud mfl. 2021). Jamt over vert dei tre typane refererte til som *en/ein* (m.), *ei* (f.) og *et/eit* (n.). Faktiske realiseringar som er subsumerte under desse typane, er sjeldan tematiserte i nyare framstillingar av genustilhøve. Den tilsøringa som ei slik subsumering inneber, treng ikkje å ha uheldige konsekvensar for analysane av genussystemet i ulike talemål, men i innlegget argumenterer vi likevel for at eit meir nyansert medvit om variasjon i dei språklege realiseringane av artiklane kan vere viktig for vidare genusforskning. Variasjonen kan vere avgjerande i jakta på sosiolingvistiske endringsforklaringar. Hovudfokus i innlegget er ei undersøking av korleis hokjønnsartikkelen har vore realisert i Oslo gjennom dei siste par hundre åra, men òg med nokre sideblikk til andre dialektområde. Kjeldematerialet er skjønnlitterære framstillingar og vitenskaplege skildringar av oslomålet, og talemålscorpusdata frå nyare tid.

Referansar

- Busterud, Guro, Lohndal, Terje, Rodina, Yulia, & Westergaard, Marit. 2021. Hvor mange genus er det i Trondheims-dialekten?. *Maal og Minne*, 112(2), 36. Hentet fra <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1898>
- Hårstad, Stian & Toril Opsahl. (under arbeid) «E' hel ei – e' halv ei» – om realiseringa av ubestemt hokjønnsartikkel i Oslo.
- Lødrup, Helge. 2011. Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? *Maal og Minne* 2. 120–136.
- Rodina, Yulia, & Marit, Westergaard. 2015. Grammatical gender in Norwegian: Language acquisition and language change. *Journal of Germanic Linguistics* 27. 145–187

Å velje eit minorisert språk: mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet

Presentasjonen tek føre seg Høgskulen på Vestlandets (HVL) avgjerd om å ha nynorsk som hovudspråk og korleis vedtaket vart grunngeve og konkretisert då institusjonen utarbeidde språkpolitiske retningslinjer. Eg vil drøfte kva som skjer i det språkpolitiske spenningsfeltet mellom ideal og realitet og synleggjer kva avveingar og diskursar om nynorsk som er til stades i materialet frå HVL. Materialet er samla inn ved å observere arbeidet med å utvikle dei språkpolitiske retningslinjene for institusjonen. Det består primært av observasjon av møta i gruppa som utarbeidde retningslinjene, og av høyringsrunda som fann stad ved institusjonen. Analysen kombinerer etnografisk orientert diskursanalyse og språkpolitisk etnografi, og datamaterialet vert studert i lys av teoriar om språkleg autentisitet, legitimitet og språkplanlegging (særleg Woolard 2005; Mæhlum 2007; van Leeuwen 2007). Presentasjonen vil demonstrere at nynorsk er del av ein minoritetsspråksdiskurs der språkval stadig må forklarast og forsvarast, og vidare korleis aktørane i den språkpolitiske prosessen ved HVL legitimerer valet av nynorsk.

Julia Zsiga

Svorsk på messenger

Prosjektet mitt handlar om språket til svenskar i Noreg på det sosiale mediumet Facebook Messenger. I tidlegare undersøkingar der ein har undersøkt talemålet til svenskar i Noreg, har ein sett at det skjer ei viss tilpassing frå svensk til norsk. I undersøkinga mi vil eg sjå om denne tilpassinga også skjer i skriftspråk på sosiale medium. Likevel finst det ulike faktorar som påverkar språkforståinga og språkbruken. Fokuset ligg på kva slags norsk tilpassing som skjer, og kva for utanomspråklege faktorar og språkhaldningar som påverkar dette. Norsk er eit språk som (til skilnad frå svensk) tilbyr mykje variasjon i dei fastsatte normalane me har. Korleis handterer svenskane i Noreg denne valfridomen når dei skriv på norsk?

Materialet kjem frå svenskar som har svart på ei spørjeundersøking. Eg har funne svenskane i ulike «svenskar i»-grupper på Facebook. Totalt har sirka 175 personar frå ulike delar av Noreg (frå gruppene Tromsø, Narvik, Bodø, Trondheim, Bergen, Stavanger, Kristiansand, Tønsberg og Oslo) delteke. Dette har gjort at det er mogleg å ikkje berre gjera denne undersøkinga i ei meir kvantitativ retning, men også seia noko om skilnadar i dei ulike delane av Noreg. Eg kjem til å arbeida med sjølvrapportert, men også autentisk språkbruk.

Eg er heilt i starten av prosjektet men håpar at eg veit litt meir om materialet mitt i april, og kan fortelja meir om funna i det då.

Ingrid Årdal

Masterprosjekt: Fleirdialektal praksis i norske kyrkjer

I masteroppgåva mi undersøker eg språkleg praksis i norske kyrkjer. Kyrkja som kommunikasjonskontekst har fleire likskapar med beslekta domene som til dømes teater og kringkasting. Ein kan trekke parallellar til språkbruk prega av rolle og framføring, samstundes som det er fleire aspekt som skil desse beslekta domena frå kvarandre. Denne studien undersøker to ulike kyrkjesokn i Bergensområdet, der desse sokna opererer med to ulike målformer (bokmål og nynorsk). Problemstillinga for oppgåva er følgande: *I kva grad er norske gudstenester fleirdialektale i 2020, og korleis kan ein forstå dette i eit sosiolingvistisk og tekstlingvistisk perspektiv?*

I arbeid med prosjektet jobbar eg med to datakjelder. Den første er observasjon av gudstenester. Kort forklart er intensjonen med denne å få eit oversyn over vekslingar. Føremålet med denne delen av undersøkinga er å finne ut *om* språkbrukaren (presten) vekslar og eventuelt *kvar* i kommunikasjonskonteksten (gudstene) vekslingane oppstår. Dette vil opne opp for å finne eventuelle mønster eller ikkje-mønster i veksling av varietetar.

Den andre datakjelda er kvalitative intervju. Desse brukar eg primært for å søke innsikt og forståing frå dei som jobbar med språkleg praksis i kyrkjene dagleg. Dette vil bidra til studien ved å gi breiare innsikt i motivasjonen bak språklege val og refleksjonar rundt ein språkleg kontekst som vi veit lite om. Forskingsobjekta for intervjuet er sokneprest, kantor og kyrkjelydsleiar i begge sokn.

Litteratur:

- Baumann-Larsen, M. (1973). The Function of Dialects in the Religious Life of the Bornholm Inhabitants. I: *Zur Theorie der Religion / Sociological Theories of Religion*. 236-242. Springer.
- Nesse, A. (2015). Bruk av dialekt og standardtalemål i offentligheten i Norge etter 1800. I: *Talemål etter 1800. Norsk i jamføring med andre nordiske språk*. Oslo: Novus.
- Sollid, H. (2008). Autentisitet på nordnorsk. I: *Målbryting*, 9, 69–91.
- Thomassen, M. (2008). Gudstjenesten som speiling av det individuelle eller kollektive subjekt? I: *Kirke og kultur*, 6.